



**POLITIET**

**Vest politidistrikt**

# **Omtale av resultat 2024**

Gradering/klassifisering

Versjon 1.0 / Februar 2025

# Innhald

|   |           |
|---|-----------|
| <b>Innleiing</b> .....                                    | <b>3</b>  |
| <b>1. Straffesaksutviklinga</b> .....                     | <b>4</b>  |
| 1.1. Straffesaksutvikling og geografi .....               | 6         |
| 1.1.1. Gjerningspersonar .....                            | 6         |
| 1.2. Økonomisk kriminalitet.....                          | 7         |
| 1.3. Vinningskriminalitet .....                           | 8         |
| 1.4. Valds-kriminalitet.....                              | 8         |
| 1.5. Seksuallovbrot .....                                 | 10        |
| 1.6. Narkotikakriminalitet.....                           | 10        |
| 1.7. Miljøkriminalitet.....                               | 11        |
| 1.8. Ungdomskriminalitet .....                            | 11        |
| <b>2. Politiet si straffesakshandsaming</b> .....         | <b>12</b> |
| 2.1. Talet på påtaleavgjersler .....                      | 12        |
| 2.2. Sakshandsamingstid .....                             | 12        |
| 2.3. Restansar .....                                      | 13        |
| <b>3. Oppdragsløysing og innbyggjarkontakt</b> .....      | <b>14</b> |
| 3.1. Responstid.....                                      | 14        |
| 3.2. Aksestid.....  | 14        |
| 3.3. Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS) ..... | 14        |
| 3.4. Kontaktsenter-02800 .....                            | 15        |
| 3.5. Politiets nettpatrolje.....                          | 15        |
| 3.6. Væpna oppdrag.....                                   | 16        |
| 3.7. Redningsoppdrag.....                                 | 16        |
| 3.8. Politibåten .....                                    | 16        |
| 3.9. Psykiatrioppdrag.....                                | 16        |
| <b>4. Forvaltning</b> .....                               | <b>17</b> |
| 4.1. Pass og førarkort .....                              | 17        |
| 4.2. Utlendingsforvaltning .....                          | 17        |
| <b>5. Sivil rettspleie</b> .....                          | <b>18</b> |
| <b>6. Trafikk</b> .....                                   | <b>18</b> |
| <b>7. Figurar og tabellar</b> .....                       | <b>19</b> |

# Innleiing

Rapporten presenterer resultatane for Vest politidistrikt i 2024. Fyrste del av rapporten gir ei oversikt over hovudfunn i meldt kriminalitet med omsyn til kriminalitetstypar og geografisk fordeling i politidistriktet. Delkapittel i fyrste del syner meir detaljert framstilling om einskilte kriminalitetstypar.

Andre del gir oversikt over straffesakshandsaminga i politidistriktet, medan tredje del syner tal for politiet si oppdragsløysing og innbyggjarkontakt. Fjerde del syner utviklinga innanfor forvaltningsoppgåver i politiet og femte del gir oversikt innan sivil rettspleie.

Ved spørsmål knytt til dei einskilte tala kan definerte kontaktpersonar for kvart enkelt tema kontaktast.


Talmaterialet på kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga er basert på politiet sitt straffesakssystem STRASAK. Statistikken må reknast som ein intern driftsstatistikk for politiet og bør ikkje lesast som den offisielle kriminalstatistikken, som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB). Rapporten presenterer den kjende kriminaliteten, det vil seie den kriminaliteten som blir meld til politiet.

Bergen, 17. februar 2025

Avsnitt for strategisk etterretning  
Seksjon for etterretning  
Felles eining for etterretning og etterforsking  
Vest politidistrikt

# 1. Straffesaksutviklinga

Det blei registrert 30 320 saker i Vest politidistrikt i løpet av 2024. Det er ein auke på om lag 600 saker, eller to prosent, samanlikna med året før.



**Figur 1 Registrerte saker i alt. 2020-24**

I Vest politidistrikt sin trusselvurdering, publisert hausten 2024, blei digitale bedrageri, partnervald og den auka aktiviteten til kriminelle nettverk trekt fram som særleg aktualiserte truslar. Utviklinga i saksmengd peikar i same retning. Tabellen under syner tal straffesaker per kriminalitetstype og utviklinga mellom 2020 og 2024. Kolonnane til høgre syner utviklinga mellom 2023 og 2024 koda med raud som indikerer ein uønskt utvikling der saksmengda har auka, og grøn som indikerer ein ønskt utvikling der saksmengda har minsk<sup>1</sup>.

Størsteparten av auken i total saksmengd skuldast utviklinga innan saks kategorien *økonomi*, her med digitale bedrageri.

To partnardrap i politidistriktet aktualiserte partnervald som problemstilling i 2024. Ved sidan av drapa observerer vi at saksmengda har auka.

Aktiviteten til kriminelle nettverk let seg ikkje måle på ein tilfredstillande måte med

<sup>1</sup> Fargekodene raud for å indikere uønskt utvikling og grøn for ei ønskt utvikling går igjen i heile rapporten. For straffesaksstatistikken er det lagt til grunn at auka saksmengd er uønska medan fall er ønska. I Det ligg ein føresetnad om at straffesaksutviklinga følgjer den faktiske kriminalitetsutviklinga. Det treng ikkje alltid vere tilfelle. Til dømes kan auka saksmengd kome av auka innsats frå politiet utan at den underliggjande kriminaliteten er endra.

straffesaksstatistikk, men auken av narkotikakriminalitet er verdt å merke seg. I avsnittet om narkotikakriminalitet under viser vi at saksmengda har auka, særleg innanfor grovare saker.

Delvis relatert til utfordringa med kriminelle nettverk ligg også utviklinga av ungdomskriminaliteten. I 2024 har vi sett at omfanget av ran<sup>2</sup>- og valdssaker med gjerningsperson under 18 har halde fram å auka.

Eit anna formåla med trusselvurderinga var å sette søkelyset mot kriminalitetstypar som politiet vanlegvis får mindre kunnskap om gjennom tips og meldingar. Alvorleg økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet, er slike døme. Straffesaksmengda og utviklinga understrekar dette poenget. Med unntak at dei omtalte bedragerisakene er det relativt få straffesaker innan økonomisk kriminalitet. Det er også få saker innan miljøkriminalitet, og dei fleste handlar om mindre alvorlege lovbrøt.

**Tabell 1 Straffesaker per krimtype. 2020-24 Kjelde: JUS 066**

|                    | 2020         | 2021         | 2022         | 2023         | 2024         | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|--------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------------|----------------------|
| Økonomi            | 1926         | 1904         | 2575         | 2703         | 3122         | 419                | 16 %                 |
| Vinning            | 7811         | 7302         | 8701         | 10445        | 10479        | 34                 | 0 %                  |
| Vald               | 2655         | 2614         | 2781         | 2988         | 3027         | 39                 | 1 %                  |
| Seksuallovbrøt     | 745          | 937          | 920          | 740          | 747          | 7                  | 1 %                  |
| Narkotika          | 2381         | 1748         | 1547         | 1535         | 1742         | 207                | 13 %                 |
| Skadeverk          | 1495         | 1315         | 1541         | 1655         | 1677         | 22                 | 1 %                  |
| Miljø              | 370          | 398          | 444          | 309          | 313          | 4                  | 1 %                  |
| Arbeidsmiljø       | 95           | 88           | 88           | 97           | 100          | 3                  | 3 %                  |
| Trafikk            | 5178         | 4842         | 4702         | 4893         | 4801         | -92                | -2 %                 |
| Anna               | 3390         | 3418         | 3530         | 3367         | 3338         | -29                | -1 %                 |
| Undersøkelsessaker | 1071         | 1087         | 1066         | 991          | 974          | -17                | -2 %                 |
| <b>Total</b>       | <b>27117</b> | <b>25653</b> | <b>27895</b> | <b>29723</b> | <b>30320</b> | <b>597</b>         | <b>2 %</b>           |

<sup>2</sup> Det er registrert 38 ran med identifisert gjerningsperson U18 i 2024, og det er fleire enn i 2023. Men talet ranssaker uavhengig av gjerningspersonens alder er på heile 120, mot 87 i 2023. I mange av desse er gjerningspersonen/ene omtala som "unge", men utan at de er identifisert som U18.

## 1.1. Straffesaksutvikling og geografi

Straffesaksutviklinga i 2024 auka mest i Sogn, Bergen nord, Bergen sør og Nordhordland, medan saksmengda fall i Nordfjord, Vest<sup>3</sup> og Sunn fjord.

**Tabell 2 Straffesaksutvikling (differanse 2023-24) per kriminalitetstype og politistasjonsdistrikt.**

| Differanse 2023-24                     | Annen | Økonomi | Miljø | Narkotika | Seksuallovbrudd | Skadeverk | Trafikk | Undersøkessaker | Vinning | Vold | Totalsum |
|--|-------|---------|-------|-----------|-----------------|-----------|---------|-----------------|---------|------|----------|
| Askøy og Øygarden tenesteenhet         | -36   | 31      | 29    | 7         |                 | -13       | -48     | 4               | 39      | 22   | 42       |
| Bergen Nord tenesteenhet               | 42    | 42      | 5     | 9         |                 | -3        | 1       | -56             | 13      | 17   | 148      |
| Bergen sentrum tenesteenhet            | -25   | 86      | 24    | 105       |                 | -24       | -14     | 11              | -61     | -28  | 52       |
| Bergen Sør tenesteenhet                | 14    | 35      | 0     | 57        |                 | -4        | -23     | 10              | 10      | 47   | 145      |
| Bergen Vest tenesteenhet               | 7     | 37      | 10    | 24        |                 | -13       | 25      | 14              | 1       | -105 | 40       |
| Bjørnafjorden og Austevoll psd         | -12   | 23      | -14   | 2         |                 | -6        | 1       | 27              | 23      | -8   | 8        |
| Hardanger tenesteenhet                 | 6     | 10      | -12   | -7        |                 | -2        | 10      | 1               | 3       | 8    | 17       |
| Kvam, Samnanger og Tysnes tenesteenhet | -5    | 11      | -10   | 2         |                 | 13        | -7      | 5               | 5       | -7   | 4        |
| Kvinnherad tenesteenhet                | -19   | 46      | -6    | 4         |                 | 0         | -2      | 9               | -3      | 13   | 54       |
| Nordfjord tenesteenhet                 | -5    | -6      | 9     | -7        |                 | -4        | -16     | -39             | 6       | -10  | -103     |
| Nordhordland tenesteenhet              | -10   | 55      | 0     | 16        |                 | 2         | -7      | 12              | 5       | 38   | 122      |
| Sogn tenesteenhet                      | 9     | 24      | 9     | 7         |                 | -4        | 25      | 73              | -6      | 18   | 150      |
| Sunnfjord tenesteenhet                 | 2     | 38      | -14   | -18       |                 | 42        | 44      | -87             | -1      | -20  | -52      |
| Vest politidistrikt <sup>2</sup>       | -19   | -18     | -21   | -9        |                 | -3        | 1       | -14             | 0       | 9    | -97      |
| Voss tenesteenhet                      | 22    | 17      | -12   | 6         |                 | 11        | 6       | -11             | -4      | 25   | 54       |
| Sum differanse                         | -29   | 431     | -3    | 198       |                 | 12        | 31      | -93             | -5      | 36   | 620      |

Auken av økonomisaker (hovudsakleg digitale bedrageri) trefte alle tenesteeiningane i 2024. Auken av narkotikasaker er konsentrert i Bergen sentrum, sør og vest. Auken innan vald er også hovudsakleg konsentrert i Bergen, Askøy og Øygarden. Talet seksuallovbrot var med få unntak nøytralt eller fallande.

### 1.1.1. Gjerningspersonar

Politiet identifiserer mistenkte i om lag 20 000 av dei 30 000 registrerte sakene. Bak desse 20 000 lovbrota står om lag 10 000 unike gjerningspersonar. Det tilsvara to prosent av innbyggjarane i distriktet<sup>4</sup>. 78 prosent er menn, og det er flest gjerningspersonar ved dei yngre delane av befolkninga.


73 prosent av gjerningspersonane frå 2024 blei mistenkt for eitt einskildlovbrot. Flest gjengangarar er det innan vinningskriminalitet. Berre fire prosent blei mistenkt for meir enn fem saker.

**Tabell 3 Gjerningspersonar. Etter tal saker registrert i 2024**

|            | Annen | Arbeids-<br>miljø | Miljø | Narkotika | Seksual-<br>lovbrudd | Skadeverk | Trafikk | Undersøkelses-<br>saker | Vinning | Vold | Økonomi | Totalsum | Prosent |
|------------|-------|-------------------|-------|-----------|----------------------|-----------|---------|-------------------------|---------|------|---------|----------|---------|
| 1 sak      | 1856  | 24                | 211   | 800       | 410                  | 413       | 2591    | 112                     | 1177    | 1769 | 635     | 7308     | 73 %    |
| 2-5 saker  | 349   | 1                 | 26    | 202       | 72                   | 79        | 582     | 4                       | 370     | 426  | 102     | 2298     | 23 %    |
| 6-10 Saker | 21    | 0                 | 0     | 7         | 8                    | 7         | 33      | 0                       | 57      | 19   | 19      | 271      | 3 %     |
| 11+ saker  | 6     | 0                 | 0     | 1         | 2                    | 0         | 9       | 0                       | 34      | 6    | 3       | 146      | 1 %     |
| Totalt     | 2232  | 25                | 237   | 1010      | 492                  | 499       | 3215    | 116                     | 1638    | 2220 | 759     | 10023    | 100 %   |

<sup>3</sup> Saker som ikkje blir knytt til noko politistasjonsdistrikt blir koda som Vest politidistrikt

<sup>4</sup>Riktig nok er ikkje alle som gjer lovbrøt i Vest Politidistrikt busett i distriktet. Likeins vil det vere gjerningspersonar busett i Vest politidistrikt som gjer kriminalitet i andre distrikt (eller land). Tala presentert i teksten syner til tal på lovbrøt med tilhøyrande gjerningspersonar der Vest er gjerningsdistrikt.



Figur 2 Gjerningspersonar 2024. Per alder og kjønn

## 1.2. Økonomisk kriminalitet

Økonomisk kriminalitet er den sakskategorien med sterkast auke i 2024, slik det har vore over fleire år. Dei fleste sakene er innanfor underkategorien *bedrageri* og det er ulike typar digitale bedrageri som driv denne utviklinga.

Tabell 4 Registrerte økonomilovbrot. Kjelde JUS066 & STRASAK

|                               |           | 2020  | 2021  | 2022  | 2023  | 2024  | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|-------------------------------|-----------|-------|-------|-------|-------|-------|--------------------|----------------------|
| Økonomisk kriminalitet- i alt |           | 1 926 | 1 904 | 2 575 | 2 703 | 3 122 | 419                | 16 %                 |
| Utvalde<br>underkategoriar    | Bedrageri | 1525  | 1549  | 2239  | 2346  | 2704  | 358                | 15 %                 |

### 1.3. Vinningskriminalitet

Saksmengda innan vinningskriminalitet auka kraftig mellom 2022 og 23, men flata ut i 2024. Dei største underkategoriane innan vinning er *mindre tyveri frå butikk* og *tyveri av sykkel*. Begge desse auka svakt i 2024, medan saksmengda innan sekkeposten *tyveri* elles fall noko.

Underkategorien *ran* utgjer isolert sett ikkje så mange saker, men er verdt å merke seg gitt utviklinga innan ungdomskriminaliteten dei siste åra. I mange tilfelle er det ungdom som både utøver og blir utsett for ran. I 2024 har talet ranssaker auka betydeleg.

**Tabell 5 Registrerte vinningslovbrot. Kjelde JUS 066 og STRASAK**

|                            |                           | 2020         | 2021         | 2022         | 2023          | 2024          | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|----------------------------|---------------------------|--------------|--------------|--------------|---------------|---------------|--------------------|----------------------|
| <b>Vinning- i alt</b>      |                           | <b>7 811</b> | <b>7 302</b> | <b>8 701</b> | <b>10 445</b> | <b>10 479</b> | <b>34</b>          | 0 %                  |
| Utvalde<br>underkategoriar | Mindre tjuveri frå butikk | 1417         | 1393         | 1561         | 2176          | 2266          | 90                 | 4 %                  |
|                            | Tjuveri av sykkel         | 1111         | 986          | 1024         | 1146          | 1233          | 87                 | 8 %                  |
|                            | Tjuveri elles             | 4826         | 4552         | 5662         | 6649          | 6491          | -158               | -2 %                 |
|                            | Ran                       | 65           | 47           | 76           | 87            | 120           | 33                 | 38 %                 |

### 1.4. Valdskriminalitet

Den overordna kategorien valdskriminalitet omfattar i tillegg til forsetteleg vald også truslar, samt andre sakstypar som utgjer relativt få saker. Døme på sistnemnde er menneskehandel eller uaktsam forårsaka skade på menneske. Sett under eitt auka valdskategorien marginalt i 2024, og auken er jamt fordelt mellom høvesvis vald og truslar.

**Tabell 6 Registrerte valdslovbrot. Kjelde: JUS066 og STRASAK**

|                    |         | 2020         | 2021         | 2022         | 2023         | 2024         | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|--------------------|---------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------------|----------------------|
| <b>Vald- i alt</b> |         | <b>2 655</b> | <b>2 614</b> | <b>2 781</b> | <b>2 988</b> | <b>3 027</b> | <b>39</b>          | 1 %                  |
| Underkategoriar    | Vald    | 1685         | 1627         | 1708         | 1786         | 1824         | 38                 | 2 %                  |
|                    | Truslar | 751          | 768          | 836          | 1008         | 1028         | 20                 | 2 %                  |
|                    | Anna    | 207          | 215          | 224          | 181          | 174          | -7                 | -4 %                 |

## Lovbrot utført mot offentlig myndighet<sup>5</sup>

Talet trussel- og valdslovbrot retta mot offentlege tenestepersonar har noko nedgang i 2024.

**Tabell 7 Registrerte trussel- og valdslovbrot utført mot offentlig myndighet. Kjelde STRASAK**

|   | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|---|------|------|------|------|------|--------------------|----------------------|
| Vald mot off. tenesteperson                         | 172  | 215  | 96   | 182  | 173  | -9                 | -5 %                 |
| Truslar, forulemping hindring av off. tenesteperson | 250  | 220  | 266  | 254  | 247  | -7                 | -3 %                 |

## Partnervald

Talet på partnervaldssaker<sup>6</sup> har auka over fleire år og auken heldt fram i 2024. Ved siden av auken observerer vi at partnervaldssakene er registrert innan meir alvorlege straffebod<sup>7</sup>. To av partnervaldssakene frå 2024 er drap.

**Tabell 8 Registrerte partnervaldsaker. Kjelde STRASAK**

|             | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|-------------|------|------|------|------|------|--------------------|----------------------|
| Partnervald | 459  | 532  | 615  | 622  | 662  | 40                 | 6 %                  |

## Drap

Det har vore tre drap i 2024. Som nemnt over var to av sakene partnardrap

**Tabell 9 Registrerte drap og drapsforsøk. Kjelde STRASAK**

|              | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|--------------|------|------|------|------|------|--------------------|----------------------|
| Drap         | 5    | 4    | 3    | 1    | 3    | 2                  | 200 %                |
| Drap, forsøk | 4    | 2    | 4    | 7    | 6    | -1                 | -14 %                |

<sup>5</sup> På grunn av ein funksjonalitetsfeil i politiet sine straffesakssystem i perioden 1. juli 2020 til 7. desember 2021 Talgrunnlaget for vald og truslar mot offentlig tenesteperson hefta med feilkodingar, som gjer at tal for vald mot politi ikkje kan bli gitt ut isolert. Feilen vart retta opp i desember 2021. Statistikk over meldte saker etter strl. § 155 som inkluderer perioden 2020-2021 må derfor presenterast samla, det vil seie utan spesifiserte fordelingar på vald/truslar mot politi/anna offentlig tenesteperson.

<sup>6</sup> Vald- og trusselsaker som involverer partnerar vert koda med modus "partnervald" av fagansvarlege i Vest politidistrikt. Dette uttrekket er basert på saker som er gitt denne modusen.

<sup>7</sup> Tal på kroppskrenkingar (som er straffebodet med lågast strafferamme innan vald i straffeloven) har nedgang i 2024, medan "mishandling i nære relasjonar" auka tilsvarande.

## Hatkriminalitet

Hatkriminalitet er straffbare handlingar motivert av hat eller negative haldningar retta mot personar eller ei gruppe på grunn av etnisitet, religion, livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk eller nedsette funksjonsevner. Denne sakskategorien utgjør få lovbrøt, men i relative tall er auken i 2024 betydeleg.

**Tabell 10 Registrerte lovbrøt om hatkriminalitet. Kjelde STRASAK**

|                 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|-----------------|------|------|------|------|------|--------------------|----------------------|
| Hatkriminalitet | 65   | 55   | 60   | 63   | 78   | 15                 | 24 %                 |

## 1.5. Seksuallovbrøt

Saksmengda innan seksuallovbrøt auka samla sett marginalt i 2024. Det var likevel betydelege endringar mellom einskilde underkategoriar. Viktigast er det å merke seg auken av seksuelle overgrep mot barn, som er tilbake på nivået i 2020, samt den vedvarande auken av saker om seksuelle framstillingar av barn. For valdtekt og valdtektsforsøk<sup>8</sup> av fornærma over 18 år fall saksmengda i 2024.

**Tabell 11 Registrerte seksuallovbrøt. Kjelde JUS066 og STRASAK**

|                              |  | 2020       | 2021       | 2022       | 2023       | 2024       | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|------------------------------|--|------------|------------|------------|------------|------------|--------------------|----------------------|
| <b>Seksuallovbrøt- i alt</b> |  | <b>745</b> | <b>937</b> | <b>920</b> | <b>740</b> | <b>747</b> | <b>7</b>           | <b>1 %</b>           |
| Utvalde underkategoriar      | Valdtekt*  | 174        | 199        | 201        | 166        | 138        | -28                | -17 %                |
|                              | Seksuelle overgrep mot barn                              | 288        | 365        | 329        | 219        | 285        | 66                 | 30 %                 |
|                              | Fremstilling av seks. overgr mot barn/seksualiserer barn | 84         | 122        | 121        | 125        | 140        | 15                 | 12 %                 |

## 1.6. Narkotikakriminalitet

Saksmengda innan narkotika auka betydeleg i 2024 etter å ha falt dei tre føregåande åra. Auken skuldast saker om narkotika- og dopingovertrødelsar regulert av straffelova. Parallelt har det blitt færre saker om bruk og besittelse av mindre mengder narkotika og dopingmidlar, regulert av legemiddelova.

**Tabell 12 Registrerte narkotikalovbrøt. JUS066 og STRASAK**

|                         |  | 2020         | 2021         | 2022         | 2023         | 2024         | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|-------------------------|--|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------------|----------------------|
| <b>Narkotika- i alt</b> |  | <b>2 381</b> | <b>1 748</b> | <b>1 547</b> | <b>1 535</b> | <b>1 742</b> | <b>207</b>         | <b>13 %</b>          |
| Utvalde underkategoriar | Narkotikaovertrødelsar (strl§§)              | 1262         | 806          | 781          | 879          | 1033         | 154                | 18 %                 |
|                         | Narkotikabesittelse/bruk (legemiddelova §24) | 783          | 623          | 528          | 487          | 442          | -45                | -9 %                 |
|                         | Dopingovertrødelse                           | 104          | 78           | 101          | 104          | 184          | 80                 | 77 %                 |
|                         | Dopingbesittelse/bruk (legemiddelova §24)    | 3            | 0            | 0            | 1            | 0            | -1                 | -100 %               |

<sup>8</sup> \* Nemninga "Valdtekt" i tabellen omfattar også valdtektsforsøk

## 1.7. Miljøkriminalitet

Innanfor miljøkriminalitet var saksmengda i 2024 marginalt høgare enn året før. Det er brot på dyrevelferdslova og ulike former for fiskerilovbrot som utgjer størsteparten av saksmengda innan miljøkriminalitet.

**Tabell 13 Registrerte miljølovbrot. JUS 066**

|       | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|-------|------|------|------|------|------|--------------------|----------------------|
| Miljø | 370  | 398  | 444  | 309  | 313  | 4                  | 1 %                  |

## 1.8. Ungdomskriminalitet

Mengda saker med mindreårig gjerningsperson har felle med fem prosent i 2024. Fallet er i hovudsak driven av færre vinningssaker, og bør sjåast i samanheng med at oppklaringsdelen for vinningssaker har felle i 2024 (sjå avsnitt 2). Fallet i den registrerte ungdomskriminaliteten kan derfor delvis forklarast av at færre mindreårige vinningslovbrytarar blir identifisert.

I avsnittet for vinning (1.3) er det også verdt å merke seg auken av ranssaker frå 87 i 2023 til 120 i 2024. Talet ran med identifisert mindreårig gjerningsperson auka frå 31 til 38 i same periode, men det er grunn til å tru at mindreårige også står bak ein del av rana med ukjent gjerningsperson.

I tabellen under er det verdt å merke seg auken av valdsaker. Som nemnd i avsnittet om vald omfattar denne kategorien både vald og truslar, men det er vald som forklarar størsteparten av auken for ungdom. Det er også verdt å merke seg at saksmengda innan narkotika auka igjen i 2024, etter å ha felle over fleire år. Av den totale auken på 207 saker innan narkotikakriminalitet (tabell 15), har 42 saker identifisert mindreårig gjerningsperson.

**Tabell 14 Saker med gjerningsperson U18. Kjelde STRASAAK**

|                    | 2020        | 2021        | 2022        | 2023        | 2024        | Endring 2023-<br>24 | Endring %<br>2023-24 |
|--------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------------|----------------------|
| Annen              | 163         | 141         | 176         | 214         | 215         | 1                   | 0 %                  |
| Arbeidsmiljø       |             | 1           |             | 1           |             | -1                  | -100 %               |
| Miljø              | 3           | 4           | 6           | 6           | 4           | -2                  | -33 %                |
| Narkotika          | 128         | 76          | 66          | 62          | 105         | 43                  | 69 %                 |
| Seksuallovbrudd    | 83          | 114         | 92          | 94          | 110         | 16                  | 17 %                 |
| Skadeverk          | 77          | 80          | 70          | 97          | 70          | -27                 | -28 %                |
| Trafikk            | 189         | 184         | 179         | 214         | 227         | 13                  | 6 %                  |
| Undersøkelsessaker | 1           | 7           | 3           | 7           | 7           | 0                   | 0 %                  |
| Vinning            | 278         | 320         | 395         | 661         | 451         | -210                | -32 %                |
| Vold               | 170         | 210         | 197         | 301         | 368         | 67                  | 22 %                 |
| Økonomi            | 24          | 17          | 24          | 28          | 43          | 15                  | 54 %                 |
| <b>Totalsum</b>    | <b>1116</b> | <b>1154</b> | <b>1208</b> | <b>1685</b> | <b>1600</b> | <b>-85</b>          | <b>-5 %</b>          |

## 2. Politiet si straffesakshandsaming

Som vist over auka saksmengda til Vest politidistrikt noko i 2024. I avsnitta som følgjer presenterast straffesakshandsaminga for 2024, med omsyn til oppklaringsprosent, sakshandsamingstid og restansar.

### 2.1. Talet på påtaleavgjersler

Det blei påtaleavgjorde 30507 saker i løpet av 2024. Det er 115 færre enn i 2023, men endringa utgjer mindre enn ein prosent av saksmengda. Oppklaringsprosenten fall med seks prosentpoeng i same periode. Det er særleg innanfor økonomi (bedrageri), vinningssaker og narkotika talet ikkje- oppklarte saker har auka

Tabell 15 Påtaleavgjorte lovbrøt 2020-24. Kjelde JUS316

|                        | 2020  | 2021  | 2022  | 2023  | 2024  | Differanse<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-----------------------|----------------------|
| Påtaleavgjorde lovbrøt | 28399 | 25953 | 27062 | 30622 | 30507 | -115                  | 0 %                  |
| Oppklaringsprosent     | 52 %  | 51 %  | 46 %  | 45 %  | 39 %  | -6 %                  | -13 %                |

### 2.2. Sakshandsamingstid

Sakshandsamingstida til politiet blir rekna i tal dagar frå melding blir registrert i STRASAK, til det ligg føre ei påtaleavgjersle. Tabellen under viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid på oppklara lovbrøt. Det vil seie lovbrøt der gjerningsperson har fått ein reaksjon (ei såkalla positiv påtaleavgjersle) eller som reknast som oppklart av andre grunnar.

Sakshandsamingstida har gått ned dei siste åra, og utviklinga heldt fram i 2024. I 2024 har sakshandsamingstida gått ned innan alle sakskategoriar, med unntak av *arbeidsmiljø* som med 100 saker i 2024 er sakskategorien med færrest saker. Sterkast har fallet i sakshandsamingstid vore innan økonomi.

Tabell 16 Sakshandsamingstid, oppklara lovbrøt 2019-2023

|                                      | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Differanse<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|--------------------------------------|------|------|------|------|------|-----------------------|----------------------|
| Sakshandsamingstid, oppklara lovbrøt | 111  | 103  | 96   | 87   | 78   | -9                    | -10 %                |

## 2.3. Restansar

Saker som er eldre enn tre måneder omtalast som restansar. Talet på restansar fortel om forholdet mellom innkomne (registrerte) og utgåande (ferdig handsama) saker. Det var 610 fleire restansar i 2024 enn året før. Det tilsvarar ein auke på 29 prosent.

**Tabell 17 Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader), 2020-2024**

|  | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Differanse<br>2023-24 | Endring<br>% 2023-<br>24 |
|--|------|------|------|------|------|-----------------------|--------------------------|
| Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn 3 mnd | 2706 | 2348 | 2725 | 2136 | 2746 | 610                   | 29 %                     |

### 3. Oppdragsløysing og innbyggjarkontakt

I avsnitta som følgjer presenterast tal for politiets operative oppdragsløysing og innbyggjarkontakt via ulike kanalar.

#### 3.1. Responstid

Det er stilt sentrale krav til responstid for ekstraordinære hendingar, hendingar der liv er direkte truga og/eller der det er behov for rask innsats frå politiet. Responstida blir målt frå når det begynner å ringe ved operasjonssentralen hjå politiet til første politieining er på staden. Sentralt er det sett ulike krav til responstid avhengig av innbyggartal. I område med meir enn 20 000 innbyggjarar skal responstida i 80 prosent av oppdraga vere på inntil 12 minutt. I områder med mellom 2 og 19 999 innbyggjarar er kravet 17 minutt, medan det er 30 minutt i område med mindre enn 2000 innbyggjarar.

For område med over 20 000 innbyggjarar er responstida for 2024 lågare enn kravet, medan den er marginalt høgare for område med mindre enn 20 000 innbyggjarar.

**Tabell 18 Responstid, sentrale krav og resultat i minutt. 2024**

|  | Sentralt krav | Resultat 2024 |
|--|---------------|---------------|
| Responstid 80% (>20 000 innbyggjarar)        | 12            | 11,6          |
| Responstid 80% (2 000 – 19 999 innbyggjarar) | 17            | 17,7          |
| Responstid 80% (<2 000 innbyggjarar)         | 30            | 31,3          |

#### 3.2. Aksestid

Aksestida måler kor mange samtalar på 112 som er svart på innanfor fristen (20 sekund). Kravet til aksestid er at ein skal svara minst 95 % av alle 112-samtalar innan fristen på 20 sekund. I 2024 svarte operasjonssentralen på 98,2 prosent av alle naudsamtalane innan tidskravet som Politidirektoratet har satt.

#### 3.3. Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS)

Operasjonssentralen har hatt ein nedgang i talet på anrop på 112. I 2023 var det 93880 anrop på 112, medan det i 2024 var 79334. Ikkje alle anrop viser seg å vera reelle naudsamtalar, og blir avslutta etter kort tid.

### 3.4. Kontaktsenter-02800

Kontaktsenteret til Vest politidistrikt som ein når via telefonnummeret 02800 blei omorganisert og bemanna opp frå 22. mai 2024. Kontaktsenteret svarer førespurnader til politiet som ikkje gjeld naud. I løpet av kontaktsenteret si drift i 2024 har dei teke imot 76 197 samtalar.

Tabell 19 telefonsamtaler til kontaktsenter Vest

|                            | 2024           |
|----------------------------|----------------|
| <b>Tal oppringingar</b>    | <b>76 197</b>  |
| Av dette svara samtalar    | 70 595         |
| Prosentdel svara samtalar  | 93 %           |
| Gjennomsnittleg ventetid   | 28 sek         |
| Gjennomsnittleg samtaletid | 1 min og 5 sek |

### 3.5. Politiets nettpatrolje

Politiets nettpatrolje Vest opererer på plattformene Facebook, Instagram og Tiktok, og ved utgangen av 2024 var det høvesvis 35 240, 26 088 og 821 300(!) følgjarar på dei tre plattformene<sup>9</sup>. Det førebyggjande budskapet dekker eit breitt spekter av tema, frå råd for kva ein bør gjere viss ein vert utsett for ran, råd til båtførarar, informasjon om straffereaksjonar for ungdom, åtvaring om pågåande svindelmetodar eller reglar for dronebruk. Innlegga på Facebook og Instagram blei vist 1,9 og 2,8 millionar gonger, medan innlegga på Tiktok blei vist over 10 millionar gonger.

I løpet av 2024 tok nettpatroljen Vest imot 2643 meldingar via Messenger eller Instagram-chat. Over halvparten av dei er under 35 år, og mange av dei igjen er under 18 år. Seksuell utpressing på nett – såkalla sextortion og ulike typar digitale bedrageri, er dei viktigaste kriminalitetstypene nettpatroljen blei kontakta om i 2024.

Tabell 20 Følgjarar og visningar på SoMe. Nettpatroljen Vest

|           | Følgjarar | Visningar |
|-----------|-----------|-----------|
| Facebook  | 35 240    | 1,9 mill  |
| Instagram | 26 088    | 2,8 mill  |
| Tiktok    | 821 300   | 10 mill   |

<sup>9</sup>Følgjartalet til Nettpatroljen på Tiktok er altså langt høgare enn innbyggjartalet i politidistriktet. Mao: mange følgjarar bur i andre distrikt/land. Det vil også vere tilfelle for følgjarar på Facebook og Instagram.

### 3.6. Væpna oppdrag

I Vest politidistrikt sin vaktjournal vart det registrert 1052 væpna oppdrag i 2024 mot 948 i 2023. Alle desse var ikkje oppdrag der politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Tala inkluderer òg oppdrag der politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre sin sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar, arrangement og liknande.

### 3.7. Redningsoppdrag

Politiet sin innsats i redningsoppdrag opptek mykje ressursar. Statistikken for Vest politidistrikt er ganske stabil samanlikna med fjoråret, men med ein liten auke i talet på oppdrag. Hovudredningsentralen har registrert 484 redningsoppdrag i Vest politidistrikt i 2024, 24 fleire enn i 2023. Det er i det geografiske området til Bergen, Askøy og Øygarden det relativt sett skjer flest hendingar.

Ikkje alle redningsoppdrag krev like mykje politiresursar. Ein del blir løyst på operasjonssentralen (LRS), anten ved å gje råd til meldar eller ved å vidareformidle meldingar til andre naudetatar eller frivillige organisasjonar. Nokre oppdrag blir løyst av den/dei fyrste politipatruljen som kjem til staden, medan andre krev større innsats.

### 3.8. Politibåten

Patruljebåten til politidistriktet var i 2024 ikkje operativ som følge av bruksforbod grunna tekniske problem. Trass i fleire forsøk på utbetringar frå leverandør blei ikkje båten godkjent til bruk. Dette prega sjølvstøtt sjøtenesta si moglegheit til å utføre sjøkontrollar og førebyggjande aktivitet på sjø.

I august 2024 fekk Vest politidistrikt låne ein mindre båt av Politiets fellestenester (PFT), for å avhjelpe på situasjonen. Kapasiteten til båten og storleiken avgrensa oppdragsløysinga noko, men båten var i bruk i august og delvis september. August 2024 var regnfull og aktiviteten på sjøen lågare enn vanleg. Utover hausten blei båten i tillegg brukt til opplæring av nye båtførarar, VIP-oppdrag på sjø og andre mindre oppdrag.

I løpet av 2024 blei det kontrollert ca. 200 fritidsbåtar, mot 755 i 2023. Mange av kontrollane skjedde i samband med festivalar med hjelp frå Kystvakten. Det blei oppretta fem meldingar for køyring i ruspåverka tilstand, mot 13 i 2023. Det blei i tillegg gjeve 10 forenkla førelegg, mot 24 i 2023.

### 3.9. Psykiatrioppdrag

Talet psykiatrioppdrag har nedgang med om lag 500 oppdrag i 2024 samanlikna med 2023. Fallet utgjorde 12 prosent.

**Tabell 20 Psykiatrioppdrag 2020-24. Kjelde: PAL PO, forholdets art=Psykiatri**

|                  | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Differanse<br>2023-24 | Endring<br>% 2023-<br>24 |
|------------------|------|------|------|------|------|-----------------------|--------------------------|
| Psykiatrioppdrag | 3332 | 4000 | 4068 | 4007 | 3521 | -486                  | -12 %                    |

## 4. Forvaltning

### 4.1. Pass og førarkort

I 2024 blei det utskrive 107250 pass og ID- kort i Vest politidistrikt. Det er eit fall på om lag 5000 frå 2023.

**Tabell 21 Utskrivne pass og ID-kort. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning**

|                           | 2020  | 2021  | 2022   | 2023   | 2024   | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|---------------------------|-------|-------|--------|--------|--------|--------------------|----------------------|
| Utskrivne pass og ID-kort | 30594 | 46827 | 151251 | 112382 | 107250 | -5132              | -5 %                 |

Vegtrafikklova § 34 gjev politiet rett til å tilbakekalla førarkort dersom det er rimeleg grunn til å tru at innehavaren ikkje lenger fyller vilkåra for å ha førarkort. Årsaka til at ein ikkje lenger fyller vilkåra kan vere relatert til helse, misbruk av rusmiddel, eller at personen ikkje lenger har dei nødvendige kunnskapar eller køyreferdigheiter som ein krev for å ferdast trygt i trafikken. I 2024 tok Vest politidistrikt imot 354 slike bekymringsmeldingar Det er ein auke på 34, eller 11 prosent samanlikna med året før.

**Tabell 22 Bekymringsmeldingar om førarkort. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning**

|                               | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|-------------------------------|------|------|------|------|------|--------------------|----------------------|
| Bekymringsmeldingar førarkort | 487  | 390  | 611  | 320  | 354  | 34                 | 11 %                 |

### 4.2. Utlendingsforvaltning

Utlendingsforvaltninga utførte 108 tvangsreturneringar av personar utan lovleg opphald i 2024. 48 prosent av desse var straffedømde. Det blei tvangsreturnert personar av 40 ulike nasjonalitetar. Colombia, Litauen, Storbritannia, Romania og Albania var landa med flest returar.

Det var 148 ukrainarar som søkte om asyl i Vest politidistrikt i løpet av 2024, mot heile 5418 i 2023. Bakgrunnen for dette kraftige fallet er at dei desentraliserte einingane for registrering av ukrainske asylsøklarar vart avvikla sommaren 2024.

**Tabell 23 Uttransporterte personar. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning**

|  | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|--|------|------|------|------|------|--------------------|----------------------|
| Uttransporterte personar utan lovleg opphald | 243  | 553  | 81   | 105  | 108  | 3                  | 3 %                  |

## 5. Sivil rettspleie

Det blei registrert 54 322 saker til handsaming hjå sivil rettspleie i løpet av 2024, mot 57 084 i 2023. Fallet på 2765 saker svarar til nesten 5 prosent.

Krav om utlegg, der personar eller verksemder skuldar pengar, er størst i volum. I alt kom det inn 45 097 slike saker i 2024. Samanlikna med 2023 fall denne saksmengda med om lag 4 prosent.

Sakshandsamingstida på forlik var i gjennomsnitt på 99 dagar i 2024. Samanlikna med 2023 har sakshandsamingstid på forlik auka. Årsaka er at det etter innføring av digital plattform for sakshandsaming er det fleire som svarer i saker enn før, det betyr at fleire saker må innkallast til møte i forlikrådet. Grunna avgrensa møtekapasitet aukar sakshandsamingstida. Distriktet fekk inn 818 færre forliksklager til forlikråda i 2024 samanlikna med i 2023. Reduksjon i saksmengd er hovudsakleg innan sakshandsaming av enkle pengekrav, som er saker som krev lite sakshandsamingsressurs. Denne sakstypen blir no i hovudsak fremma som utleggssak etter tvangsfullbyrdingsloven § 7-2 (f).

Privatpersonar kan få gjeldsordning med kreditorane sine dersom gjelda er så stor at dei er varig ute av stand til å betala gjelda si. Talet på søknadar om gjeldsordning auka med 26 prosent (113 søknader) i 2024. Restansen på gjeldsordning og sakshandsamingstida for saker som omhandlar gjeldsordning har auka til kring 150 dagar.

## 6. Trafikk

I 2024 omkom 6 personar i trafikken i Vest politidistrikt. Det er det minste talet i femårsperioden etter 2020. Den yngste var 27 år medan den eldste var 84 år. Det vart registrert 317 trafikkulykker med personskade i 2024, mot 363 i 2023.

Tal på saker om køyring i ruspåverka tilstand har falt frå 959 i 2023 til 941 i 2024.

**Tabell 24 Omkomne i trafikken 2020-24. STRASAK/Trafikk-koordinator i Hordaland og Sogn og F**

|                            | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Endring<br>2023-24 | Endring %<br>2023-24 |
|----------------------------|------|------|------|------|------|------|--------------------|----------------------|
| Tal på omkomne i trafikken | 10   | 7    | 8    | 10   | 13   | 6    | -7                 | -54 %                |

## 7. Figurar og tabellar

|   |    |
|---|----|
| Tabell 1 Straffesaker per krimtype. 2020-24 Kjelde: JUS 066 .....                                       | 5  |
| Tabell 2 Straffesaksutvikling (differanse 2023-24) per kriminalitetstype og politistasjonsdistrikt. ... | 6  |
| Tabell 3 Gjerningspersonar. Etter tal saker registrert i 2024 .....                                     | 6  |
| Tabell 4 Registrerte økonomilovbrot. Kjelde JUS066 & STRASAK .....                                      | 7  |
| Tabell 5 Registrerte vinningslovbrot. Kjelde JUS 066 og STRASAK .....                                   | 8  |
| Tabell 6 Registrerte valdslovbrot. Kjelde: JUS066 og STRASAK .....                                      | 8  |
| Tabell 8 Registrerte trussel- og valdslovbrot utført mot offentlig myndighet. Kjelde STRASAK .....      | 9  |
| Tabell 8 Registrerte partnervaldsaker. Kjelde STRASAK.....  | 9  |
| Tabell 9 Registrerte drap og drapsforsøk. Kjelde STRASAK .....  | 9  |
| Tabell 10 Registrerte lovbrøt om hatkriminalitet. Kjelde STRASAK .....                                  | 10 |
| Tabell 11 Registrerte seksuallovbrot. Kjelde JUS066 og STRASAK.....                                     | 10 |
| Tabell 12 Tabell 12 Registrerte narkotikalovbrot. JUS066 og STRASAK .....                               | 10 |
| Tabell 13 Registrerte miljølovbrot. JUS 066 .....   | 11 |
| Tabell 14 Saker med gjerningsperson U18. Kjelde STRASAAK .....  | 11 |
| Tabell 15 Påtaleavgjorte lovbrøt 2020-24. Kjelde JUS316.....  | 12 |
| Tabell 16 Sakshandsamingstid, oppklara lovbrøt 2019-2023 .....  | 12 |
| Tabell 17 Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader), 2019-2023.....                                  | 13 |
| Tabell 18 Responstid, sentrale krav og resultat i minutt. 2024 .....                                    | 14 |
| Tabell 19 telefonsamtaler til kontaktsenter Vest.....   | 15 |
| Tabell 20 Psykiatrioppdrag 2020-24. Kjelde: PAL PO, forholdets art=Psykiatri .....                      | 16 |
| Tabell 21 Utskrivne pass og ID-kort. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning .....           | 17 |
| Tabell 22 Bekymringsmeldingar om førarkort. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning ...      | 17 |
| Tabell 23 Uttransporterte personar. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning .....            | 17 |
| Tabell 24 Omkomne i trafikken 2020-24. STRASAK/Trafikk-koordinator i Hordaland og Sogn og F18           |    |

**Omtale av resultat Vest politidistrikt 2024**

Utgitt: Februar 2025

Utgiver: Vest politidistrikt

ISBN: xxx

Foto: xxx